



Statens vegvesen

Notat

Til:	Ann Kristin Nes	Saksbehandler/telefon:	
Fra:	Otto Eikeset	Marius Slinde / 57655877	
	Marius Slinde	Vår dato:	16.02.2018
Kopi:	Eli Marita Vik Næss	Vår referanse:	18/20354-3
	Vigdis Lobenz		
	Ellen Slinde		

Fv. 57 Dale – Storehaug

Vurdering av utbyggingsrekkefølge

Bakgrunn

Sogn og Fjordane fylkeskommune har sett av 60 millionar kroner til «delprosjekt på fv. 57 Dale – Storehaug til delstrekningar i Fjaler og Gaular» i Investeringsprogrammet 2018–2021.

Behovet for investeringar på denne strekningen er langt over dei midlane som er sett av no. Statens vegvesen har i dette notatet difor vurdert kvar desse best kan brukast.


Gjennom ordlyden i Investeringsprogrammet har fylkeskommunen indikert at dei ynskjer at dei 60 millionane vert nytta til strekningsvise tiltak. Viss midlane som er sett av vert delt på fleire mindre strekningar vert desse så korte at ein i realiteten vil ende opp med punkttiltak. Vi har difor lagt til grunn at det skal veljast ut éi samanhengande delstrekning mellom Dale og Storehaug der midlane vert nytta.

Krav om reguleringsplan

Med unntak av mellom Dale og Setenes og mellom Nistadlia og Helle¹, er det behov for oppgradering i større eller mindre grad av fv. 57 mellom Dale og Storehaug. Fjaler og Gaular kommunar arbeider med reguleringsplanar for alle dei strekningane der det er trong for oppgraderingar.

For å få omsett midlane i perioden før 2022 bør den strekningen som vert valt ha godkjent reguleringsplan i løpet av inneverande år. Det er Statens vegvesen si vurdering at dette vil vere tilfelle for strekningane Setenes – Nistadlia og Hjelmeland – Storehaugen. For strekningen Helle – Hjelmeland er kompleksiteten i planlegginga så stor at planlegginga er venta å fyrst verte ferdigstilt i 2019 tidlegast.

¹ Helle ligg om lag ein kilometer vest for Båtevika.



Tunnelar utelukker Setenes – Strandanes

For strekningen Setenes – Nistadlia har ein på delstrekningen Setenes – Strandanes planlagt to tunnellar som kvar er om lag 0,8 kilometer lange. Kvar av tunnelane vil koste mykje meir enn dei 60 millionane som er sett av, og soleis er det ikkje aktuelt å velje nokon av desse. Både dagsona mellom tunnelane og dagsonene rett før/etter tunnelane er korte og tilpassa tunnelane, og difor er det heller ikkje aktuelt å velje ei av desse.

Kva strekning skal veljast ei delstrekning på?

Etter drøftingane over sit vi no attende med at utbygging må skje på ei delstrekning anten mellom Strandanes og Nistadlia i Fjaler kommune eller Hjelmeland og Storehaug i Gaular kommune.

I utgreiing for fv. 57 Dale – Storehaug som Statens vegvesen laga i 2011, kan ein sjå at netto nytte pr. budsjettkrone er rekna til $-0,92$ for utbygging av begge desse to strekningane. Det vil soleis vere likt samfunnsøkonomisk resultat for begge desse. Det verkar som betra framkomst spesielt er positivt for strekningen Strandanes – Nistadlia, medan det for Hjelmeland – Storehaug er betring av trafikktryggleiken som er positivt.

Med lik nytte av utbygging av desse to strekningane er det vanskeleg å konkludere med kva for ein som det fyrst bør gjerast utbygging på. På bakgrunn av pågåande planprosessar for fv. 57 i Gaular kommune, er det vår vurdering at det er noko usikkerheit om framtidig status og situasjon for fylkesvegen mellom Hjelmeland og Storehaug. For strekningen Strandanes – Nistadlia er det derimot ikkje andre traséalternativ eller liknande som skaper tilsvarende usikkerheit.

På bakgrunn av dette er det difor Statens vegvesen sin konklusjon at dei avsette midlane bør nyttast på ei delstrekning mellom Strandanes og Nistadlia.

Endeleg utbyggingsstrekning

Med utgangspunkt i dagens vegsituasjon, utkast til planar for ny fv. 57 og den økonomiske avgrensinga på 60 millionar kroner, har vi gjort oss desse tankane om strekningen

Strandanes – Nistadlia:

- Dagens veg mellom Strandanes og Gryvlevika har relativt god geometrisk utforming og stort sett gode siktilhøve sett ut i frå standarden på fylkesvegen elles.
- Ved Gryvlevika ligg vegen i dag i ei S-kurve med krappe svingar og dårleg sikt. Strekningen er likevel nokså kort og framkomstproblema vurderast å vere små. Elles er den planlagde løysinga for dette partiet å bygge ein kort tunnel, noko som gjer at ein får få meter ny veg ut av investeringa.
- Dagens veg mellom Holmeli og Nistadlia ligg i stor grad i kurve langs fjellskjering, noko som gir dårlege siktilhøve framover langs vegen. Dette er utfordrande for framkomsten når vegen er smal. Strekningen med dårlege siktilhøve er så lang at vi vurderer framkomstproblema til å vere størst på denne delstrekningen. Slik planane er for ny veg på denne strekningen reknar vi med at dei avsette midlane er tilstrekkeleg til å kunne få tilfredsstillande vegstandard på heile denne delen av fylkesveg 57. Utstrekningen for utbygginga vil gå over om lag 1,4 km.
- Ved Nistadlia skal eit bustadhus løysast inn. For å redusere belastninga av ei slik innløysing, er det høveleg at ein relativt kort tid etter planvedtak kan gå i gang med ervervsprosessen.
- Aust for Nistadlia er det eksisterande tofeltsveg over ei strekning på vel fire kilometer og det er gunstig å forlenge denne i staden for å få auka omfang av vekslande standard på strekningen.

Utifrå dei momenta som er drøfta over er det Statens vegvesen sin konklusjon at dei 60 millionane som er sett av til utbyggingar på fv. 57 mellom Dale og Storehaug, bør nyttast til utbygging av delstrekningen Holmeli – Nistadlia i Fjaler kommune.